

Kursrapport for JUS 241: Strafferett

Underteikna overtok kursansvaret ved nyttår, og kan difor ikkje seia så mykje om opplegget av førelesingar og anna som skjedde hausten 2012. Denne rapporten blir difor noko meir avgrensa frå vår side enn om vi hadde hatt kursansvaret heile vegen.

Kurset har følgt same opplegg som tidlegare år. Førelesingane har vore haldne av Magnus Matningsdal. Seminara har vore fordelt på interne og eksterne lærarar, der vi også har vore involvert. I rapporten frå arbeidsgruppa som for reform av strafferetsundervisinga, som vart levert i slutten av september 2012, har vi skissert behovet for ei fornying av oppgåvesettet, betre samordning av førelesingar og seminar, og meir skriving av oppgåver undervegs i kurset. Som kjent har fakultetet behandla rapporten, og det vil skje ei omlegging av kurset frå hausten 2013 som delvis følgjer opp forslaga i rapporten.

Ein ting som vi merka oss i haust var eit svakt frammøte på delar av seminara. Det er ting som tyder på at dette hang saman med at mange tok opp igjen fag frå 3. studieår, mogelegvis også trainee-opphold og liknande. Elles har vi inntrykk av at kurset vart greitt gjennomført i tråd med dei intensjonane som ein hadde med det eksisterande opplegget.

Når det gjeld eksamen hadde vi ansvar for utarbeiding av oppgåve og rettleiing, samt nivåkontroll. Vi har inntrykk av at eksamen fungerte bra, og gav rom for å skilja mellom kandidatane. Karakterfordelinga følgjer langt på veg ei normalfordeling og gir ikkje grunnlag for å føreta justeringar i seg sjølv.

Samarbeidet med administrasjonen har fungert framifrå. Vi har også inntrykk av at det har vore eit greitt samarbeid med og mellom eksterne og interne lærarkrefter/sensorar.

Sidan opplegget vert endra frå hausten 2013, ser vi ikkje noko behov for å kalla saman til eit eige møte for å drøfta evalueringa av årets kurs nærrare.

15.04.2013

Jørn Jacobsen

Erling Johannes Husabø